

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 01.12.2022
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: Revisjon Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest HF 2023-2027

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 37/22

STYREMØTE: 08.12.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek revidert Strategiplan 2023-27 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Oppsummering

Arbeid med revisjon av SAV strategi er gjennomført og peikar ut retning for SAV gjennom fire strategiske mål, og underliggende delmål:

1. Sikker og framtidsretta legemiddelforsyning
2. Auka pasienttryggleik på legemiddelområdet
3. Styrka kompetanse og kunnskapsgrunnlag
4. Godt arbeidsmiljø og attraktiv arbeidsplass

Revidert plan vart lagt fram for, og tilslutta, av leiargruppa i Sjukehusapoteka Vest 29.11.2022, samt drøfta med tillitsvalgte 30.11.2022.

Fakta

Ved behandling av saka har vi hatt særleg merksemd på

- Innretting av strategidokumentet (strategiske mål og delmål)
- Prioriterte områder
- Bruk av begrepa strategi vs utviklingsplan

Om revidert strategidokument

Utkast til revidert strategi for Sjukehusapoteka Vest er delt inn i 3 hovudavsnitt:

1. Om strategien
2. Strategiske hovudmål
3. Grunnlag for strategien

Første avsnitt viser retning for strategien med kopling til Helse 2035 der ein peikar ut prioriterte område og set ramme for implementering.

Andre avsnitt definerer fire strategiske mål for komande strategiperiode 2023-27:

1. Sikker og framtidsretta legemiddelforsyning
2. Auka pasienttryggleik på legemiddelområdet
3. Styrka kompetanse og kunnskapsgrunnlag
4. Godt arbeidsmiljø og attraktiv arbeidsplass

Kvart mål byggjer på 5 delmål som beskriv tilstand i slutten av strategiperioden.

Tredje avsnitt beskriv grunnlag for strategien i underkapitla

1. SAV sitt plansystem
2. Miljø og samfunnsansvar
3. Eksterne utviklingstrekk og drivkrefter
4. Interne utviklingstrekk

Kommentarar

Prioritering

I strategidokumentet blir det peikt ut nokre områder som skal prioriteres særskilt. Leiargruppen sin vurdering er at desse områda er spesielt viktige å ta omsyn til i arbeidet med oppfølging og implementering, er sentrale for måloppnåing og vil krevje mykje kapasitet i perioden.

Overordna vil vi særleg peike på nokre viktige område for prioritering som følgjer av no-situasjon både for SAV og for spesialisthelsetenesta. Vi legg til grunn at tiltak skal bidra til betra kvalitet, effektivitet og økonomi for SAV (og helsetenesta):

- *Utvikling og tilpassing av vareleveranse og tenester for å fylle sjukehusa sine behov på alle verksemdsområda*
- *Ferdigstilling og implementering av IKT-prosjekt*
- *Utvikling av apotekareal*
- *Arbeid for godt arbeidsmiljø og trivsel*
- *Tilrettelegging for forskning, innovasjon og utvikling*

Strategi vs. utviklingsplan

Leiargruppa har tilslutta at plan skal definerast som strategi (og ikkje utviklingsplan). Dette valet er sett i samheng med måten vi tenkjer vidare oppfølging i organisasjonen, og måten vi skal setje mål på tiltak i samhandling med dei ulike einingane våre.

Ny-generasjon-plan

Frå erfaring med publisering på formatet ny-generasjon-plan i arbeidet med ROMLE har ein kome fram til at redigering i publiseringsformatet er tungvint og kostbart. Det vart avklart med AD at arbeidsgruppa difor ikkje skulle følgje opp dette punktet frå mandatet. Ein vil likevel vurderer eit format som kan publiserast på eigne nettsider ([døme frå Helse Bergen](#)).

Vidare oppfølging

Etter styrebehandling starter arbeid med å kople strategien til heilskapleg verksemdstyring gjennom å tilpasse prosessen for årsplanlegging med utarbeiding av aksjonsplaner i nivå-2 einingar. Aksjonsplanene skal prioritere og konkretisere målbare tiltak som utgjer grunnlag for jamleg oppfølging av leiar/i leiargruppa.

Administrasjonen vil i tillegg utarbeide eit underlag/malverk til bruk i apoteka som støtte til implementering av strategien og utarbeiding av aksjonsplaner.

Vedlegg:

SAV strategiplan 2023-2027